

Song og koste seg i varmen.

29.05.2018



Rustne Menn leia allsongen i dag med standplass på trappa.

Det er godt frammøte til Kafe Tiaren, I dag, på den siste tysdagen i månaden, var det som vanleg allsong. Rustne Menn hadde rigga seg til på trappa med god sikt til publikum på benkene. Det er stort sett den faste 'menigheten' som møter fram, men frå tid til til anna kjem camping- og sommargjester.



Uteplassen var mest fullsett av dyktige songarar.

Rustne Menn har det travelt for tida. Torsdag 7. juni vert gruppa med D/S STORD på rundtur i Sunnhordland, saman med Kvinnherad Senioruniversitet. Tysdag 12. juni er det Sommarkonsert på Stemneplassen, eit fast

arrangement skipa til av Uskedal musikklag og Uskedal Friluftslag.

Songane i dag var velkjende. Ellinors Vise av Klaus Hagerup, med melodi av Sverre Kjelsberg, er vanskeleg rytmisk, noko Rustne Menn fekk røyna på framføringa i dag. Her må det øving til ! Neste allsong er tysdag 26. juni kl. 12.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunnlaug Eik/Kristian Bringedal



Alle koste seg med kaffi, rundstykke, kaker og allsong ute i det fine veret.